



FORSKRIFT OM RETT TIL LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM ELLER TILSVARANDE BUSTAD SÆRSKILT TILRETTELAGT FOR HEILDØGNS TENESTER M.M.

Fastsett av Giske kommunestyre 15.06.2017, med heimel i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 a andre ledd.

§ 1 Føremål

Forskrifta skal vise kva kriterier Giske kommune legg til grunn for vedtak om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, og kva som skal leggst til grunn for å ev. setje søkjar på venteliste i påvente av eit slikt tilbod. Forskrifta skal legge til rette for brukarmedverknad, jf. pasient- og brukarrettslova § 3-1, og at pasient/brukar er informert. Den skal også bidra til openheit kring tildelingsprosessen.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle som bur eller oppheld seg i Giske kommune. Kommunen disponerer til ei kvar tid eit bestemt tal på langtids plassar i sjukeheim og i tilsvarende bustader særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester.

Retttil langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester er regulert i pasient- og brukarrettslova § 2-1 e. Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a regulerer kommunen sin korresponderande plikt til å gi eit slikt tilbod, samt plikt til å gi lokal forskrift med kriterier for tildeling. Forskrifta skal også omfatte pasientar/brukarar som vil vere best tent med eit langtidsopphald, men der kommunen vurderer at vedkomande med forsvarleg hjelp kan bu i eigen heim i påvente av dette. Vidare skal forskrifta regulere korleis kommunen skal følgje opp pasientar/brukarar som ventar på langtidsopphald.

§ 3 Definisjonar

- «**Sjukeheim**» er institusjon, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd pkt 6 c.
- «**Tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester**» er bustad som har knytt til seg kvalifisert helse- og omsorgspersonell som er tilgjengeleg heile døgnet.
- «**Langtidsopphald**» er opphald på ubestemt tid.
- «**Venteliste**» er ei oversikt over pasientar/brukarar som etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering vil vere best tent med langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, og det samstundes er vurdert at vedkomande med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av eit langtidsopphald.

§ 4 Rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester

a) Pasient/brukar har rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikre pasient/brukar naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

b) Pasient/brukar som ut frå ei helse- og omsorgsfagleg vurdering vil vere best tent med eit langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad tilrettelagt for heildøgns tenester, men som med forsvarleg hjelp og tilpassing kan bu i eigen heim, vert sett på venteliste for langtidsopphald. For ventetida skal kommunen gjere vedtak om å yte forsvarlege helse- og omsorgstenester i eigen heim.

Når fleire står på venteliste samstundes skal kommunen til ei kvar tid vurdere kven av desse som har



det største behovet for eit langtidsopphald. Ved førespurnad har pasient/brukar rett til å få informasjon om kommunen si vurdering av kor lang tid det truleg vil ta før tildeling.

§ 5 Kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester

Det skal leggjast ei heilskapleg helse- og omsorgsfagleg vurdering til grunn for å avgjere behovet for eit langtidsopphald. I det faglege skjønnet skal kommunen m.a. vurdere hjelpebehov, meistring og tryggleik.

I vurderingane for tildeling skal det leggjast vekt på:

- kva type helse- og omsorgsteneste det er behov for, og truleg omfang og varigheit av behovet
- om pasient/brukar har tilstrekkeleg høve og evner til å tilkalle hjelp ved behov
- om det ved hjelp av hjelpemiddel og/eller fysiske tilretteleggingar kan gjerast tilpassingar som i naudsynt grad fremjar eigen meistring i heimen
- om moglege alternativ til langtidsopphald er tilstrekkeleg vurdert og prøvd ut
- i kva grad pasient/brukar ev. har kognitiv svikt som kan medføre alvorleg fare for liv og helse
- LEON-prinsippet (Lavaste Effektive Omsorgsnivå), der heile «omsorgstrappa» vert vurdert for å identifisere rett omsorgsnivå
- moglege kjende vesentlege negative konsekvensar av eit ev. avslag

§ 6 Sakshandsaming

Vedtak etter forskrifta her skal handsamast etter § 2-7 i pasient- og brukarrettslova. Vedtak kan anten;

- a) tildele plass/bustad
- b) setje på venteliste
- c) gi avslag på plass/bustad

I vedtak etter pkt b) skal det opplysast kva forsvarleg tilbod pasient/brukar vil få i eigen heim, i påvente av langtidsopphald.

§ 7 Klage

Det er klagerett på vedtak etter denne forskrifta. Klageinstans er fylkesmannen. Klage skal sendast til den instansen som har fatta vedtaket, seinast innan 4 veker etter at det er motteke. Jf. pasient- og brukarrettslova kap. 7.

§ 8 Iverksetjing av forskrifta

Forskrifta skal gjelde frå 1. juli 2017.